



Uskedelingen Joakim Myhre Eik (22) har starta ein ny prosess der han søkjar nye utfordringar i livet, han flyttar til Oslo saman med Silje Hellerud Engen frå Kongsvinger. Ho var saman med han i Big Brother. Han skal no jobba i barnehage og studera til vernepleiar eller sjukepleiar. Uskedelingen har aldri budd i ein storby og gler seg til det

Til Kvinnheringen seier han at Big Brother har vore ei fantastisk oppleving, som gjorde han landskjent. . Han karakteriserer opphaldet i Huset som ein stor personleg siger og ei oppleving han ikkje ville ha vore forutan sjøl om han var isolert i 91 dagar. Når det gjeld framtida kunne han også ha tenkt seg noko kreativt som teater eller musikk

Opphaldet i Stockholm var som eit liv i miniatyr ettersom deltakarane fekk oppleve så mykje på så kort tid. Tilbakemeldingane har vore nesten berre positive, Folk kjenner att han på gata og han skriv autografar. - Det er koseleg, men heilt surrealistisk, seier uskedelingen som no har vorte kjærast med Silje. Han feira jul med ho og i februar flyttar dei saman i Oslo..

På biletet over sit han mellom Silje og Tine Barstad, ho som vann til slutt og som også vart nær knytt til uskedelingen.

Men han seier at det som skjedde mellom dei 3 var annleis enn det vart framstilt på TV.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen